

Seleksjon: Saksår: 2017, Sekvensnummer sak: 654, Dokumentkategori: TSS - Tilskuddsøknad, Tilgangskode: P,XX,UO,A,PL,E,MU,V,@

Rapport generert: 02.05.2017

Sakstittel: 2017/654 Tilskot til sogelag/historielag 2017

ID: Status: Under behandling

Type: Søknadsfrist:

Rammer: Innvilget: 113000

Beskrivelse:

Søknader:

Søkjær	Tittel	Samandrag	Omsøkt	Tilrådd	Grunngjeving
ASKØY KULTURVERN OG HISTORIELAG	Den Historiske Skolesekken	Lokalhistorien inn i Askøyskolen. Prosjektet skal ta historien om da Kong Sverre og Birkebeinerne sloss mot Øyskjeggene i slaget ved Florvåg ved Askøy den 3. april i 1194 inn i Askøyskolen. Historien er dessverre lite kjent i den yngre generasjonen og vårt lag har lagd et undervisningsopplegg med en historiebok boken om slaget som skal kunne øke kunnskapen hos elevene.	30000	0	Etter ei samla vurdering av søknadene har vi kome fram til at vi ikkje prioriterar innkjøp av bøker og materiell.
BØMLO TUR OG SOGELAG	Bergehuset - tett hus	Bergehuset, eit gardshus frå ca 1830, er i Bømlo Tur- og Sogelag si eige. Huse vert brukt som laget si kulturstove. I andre etasje i huset har sogelaget ei stor utstilling med gjenstandar frå lokalt jordbruk i tidlegare tider. "Tidas tann" har gjort at huset no har fått to lekkasjar, ein i taket og ein i eit vestvendt vindauga. For at lekkasjane ikkje skal øydeleggja for mykje av hus	30000	0	Vi vurderer at tiltaket ikkje fell inn under krava til utdeling av midlar i denne tilskotsordninga. Den dekkjer ikkje utgifter til vedlikehald og investeringar i bygg.

og utstilling, trengs det strakstiltak for å tetta huset.

For at resultatet av reparasjonane skal bli gode, må ein rekna med relativt omfattande inngrep i huset.

Etne Sogelag	Innsamling og publisering av informasjon om kyrkjer og forsamlingshus i Etne kommune	Prosjektet har som føremål å utvikla oppdatert og utvida kunnskap om kyrkjer og forsamlingshus i Etne kommune. Resultatet av prosjektet skal dels publiserast i årboka til Etne Sogelag og dels som eventuelt som ein eigen publikasjon. Alt innsamla materiale som bilete, historiske tekstar, forteljingar om bruken av husa mm. skal overleverast til lokalhistorisk arkiv i Etne.	30000	9000	Tilskotet er tiltenkt innsamling, publisering og sikring av dokumentasjonsmaterialet som vert innsamla gjennom prosjektet.
Fana Historielag	Årsskrift 2017	Fana Historielag utgir årlig et årsskrift for sine medlemmer, bibliotek og til alle skoler i Fana. Det blir også lagt ut for salg. Årsskriftet har et opplag på 400 - 500 eks. Det har et omfang på 80-100 sider og inneholder lokalhistorisk stoff. De fleste artiklene er nyskrevne.	10000	8000	Omsøkt beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement.
Hordaland Sogelag	Driftstilskot til Hordaland sogelag	Hordaland sogelag er eit fylkeslag i Landslaget for lokalhistorie, og har 33 lokallag som medlemslag. Kvart år vert det halde lokalhistoriske dagar i samband med fylkesårsmøtet. Dei lokalhistoriske dagane vert haldne rundt i fylket og har lokallaga som medtilskiparar, med historiske føredrag og omvisingar. Fylkeslaget skipar til kurs i historiske emne for medlemene i lokallaga, og studieturar i "vikingane sine fotefar".	50000	0	Hordaland sogelag får driftstilskot.

Interessegruppa for Hedleberget	Bok - Hedleberget frå arbeidarane si vinkling	Skiferindustrien på Voss har 200 års historie med skiferuttak, og var i si tid den største arbeidsgjevaren på Voss med kring 400 arbeidarar. Ved inngangen til 2017 er det ein arbeidar att i skiferbrotet på Kyte. Interessegruppa for Hedleberget har sidan 2005 arbeida for å bevare historia, og då med særskilt vinkling frå arbeidarane si side. I det samband er me no i dialog med Jørn Lekve om å skriva ei bok. Han er allereie i gang med å samla inn historie om arbeidet, logistikken, organiseringa, handtverket, lokale ringverknader etc. Hedleberget driv elles med konsertar, omvising og matservering, for å på nye måtar spre kunnskapen om historia og handtverket.	30000	8000	Omsøkt beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement. Vi oppmodar til samarbeid med eit museum/arkivinstitusjon for sikring og oppbevaring av dokumentasjonsmaterialet som blir innsamla i prosjektet.
Kvam soge- og kulturminnelag	Jubileumsbok, julebrev trykt i Bygdajol 1992-2016 og Spreiing av lokalhistoriske årbøker til pensjonslag og eldreinstitusjonar i Kvam herad	Eldre som lite kjem seg ut og som gjerne vil verta lesne for har, kring juletider 2016, vederlagsfritt fått om lag 200 enkelthefta frå lageret vårt. (Ålvik der Ålvik er særleg omtala, og Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd, Strandebarm og Omastrand/Mundheim tilsvarande). Ungdomsskulane , står på planen for 2017 - lokalhistorisk stoff må spreiaast og heimstadiæra styrkast er drivkrafta vår... Jubileumsboka skal innehalda om lag 200 sider med 25 julebrev innehaldande lokalnytt sett med skråblikk ("i nytt-på-nytt-stil"); helsing frå fortida til framtida. Boka skal produserast frå lokaltrykkeriet i 2000 eksemplar og seljast til låg pris i von om lita lagertid. Bokslepp vert saman med årshftet vårt på eller kring Eldredagen 1.10.17	15000	8000	Omsøkt beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement.

KVINNHERAD SOGELAG	Kvinnersminne Årbok XVIII	Kvinnhersminne vert gjeve ut annakvart år. Årboka er planlagt å koma ut 01.10.17. Den vert på om lag 160 sider. Hovedtema vert historiar frå kvinnheringar som har tenestegjort i fredsstyrkane, frå Tysklandsbrigaden til Afghanistan. I tillegg er der folkeminne frå mange av bygdene i kommunen, gamle juleskikkar, bryllupsskikkar, minne frå islandsfiske, m.m.	15000	8000	omsøkt beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement.
LINDÅS SOGELAG	Registrering,digitalisering og publisering av Lindås sogelags foto og arkivsamling	Lindås sogelag skal starte registrering og digitalisering av si fotosamling. Samlinga skal publiserast på sogelagets nettside som no er under opparbeiding. Planen er å bruka ein profesjonell fotograf for å sikra kvaliteten i arbeidet. Samtidig skal sogelaget starte ordning og registrering av sogelagets ca 150-200 hyllemeter arkiver og web-publisering av arkivlister for sogelagets arkiver. Dette arbeidet vert leia av profesjonell arkivar med erfaring frå Statsarkivet i Bergen og Bergen Byarkiv. Hans og dei andre sogelagsmedlamane sin innsats for sogelaget er dugnad.	30000	20000	Tilskotet er tiltenkt ordning og registrering av arkivet og foto. Vi tilrår at de registrerar etter nasjonale retningsliner og nyttar skjema som gjer det mogleg å importere data inn i Asta. Vi oppmodar til samarbeid med ein etablert museums/arkivinstitusjon.
Os Sogelag	Tresko etter gamlemåten. vidareføring av eit tradisjonshandtverk	Os var treskobygda med 80000 produserte par pr år. Det er planlagt kurs hausten 2017. Venta kostnader til utstyr og leige av lokale er 6250 - eigenbetaling kr1000,- for 5 elevar, Netto kr5200	5200	3000	Vi vurderar kurset som eit positivt tiltak for å skape interesse for tradisjonshandverk og lokalhistorisk arbeid.

RADØY SOGELAG	Medlemsblad 2017 + Prosjekt for registrering av fotosamling	<p>Prosjektet - Medlemsblad 2017, er vidareføring av Radøy sogelag sit årlege lokalhistoriske blad. Det vert sendt som julehelsing til laget sine medlemar og selt til andre interesserte. I medlemsbladet presenterar me lokalhistorie. Til dels stoff som er skrive av einskildpersonar. Historier dei gjerne vil dela med andre. Skriftstyret gjer utval i innkome tilfang, tek seg av eventuelle intervju, og hentar meir frå arkivert stoff. Medlemsbladet vert trykt som eit hefte på omlag 60 sider.</p> <p>Prosjektet - Registrering av fotosamling. Gjeld familiebilder over eit par generasjonar. Bileta skildrar levemåten i heim, skule og ulike bygdeaktivitetar. Interessant er og ei rekkje landskapsbilete frå tida før skogplanting og aktiv utbygging.</p>	30000	8000	<p>Omsøkt beløp er for utgjeving av medlemsblad. Når det gjeld registrering av fotosamlingar oppmodar vi til fagleg samarbeid med ein etablert museums/arkiv-institusjon, for rådgjeving og sikring av tilfredstillande fagleg standard.</p>
SULO KRINS VE OG VEL	Digital bygdebok	<p>Jeg startet arbeidet med www.sulo.no for slekt og historie for øyen Sulo ytterst i Øygarden kommune, Hordaland i 2001. Velforeningen fikk lov å henge seg på da den ble opprettet i 2003. Siden ble fortsatt kostet og driftet av meg frem til de tre-fire siste årene da velforeningen etterhvert overtok kostnadene. Sommeren 2016 startet arbeid med en moderne utgave. Øygarden kommune ga oss 10.000 kr, tilsvarende fra velforeningen. Snitt reklame kunne da oppgradere meg til å lage en ny moderne webside med word process.. Jeg jobbet hele høsten med dette og tok med naboøyen Nordøy. 25.januar i år kom den nye siden www.sulo.no i drift. Jeg er 74 år. Vi søker om tilskudd 10.000 kr. slik at jeg kan overføre videre arbeid til ungdommen.</p>	10000	8000	<p>Prosjektet er spennande med tanke på å sikre kunnskap om øysamfunnet Sulo, og vi ser det også som eit viktig tiltak å engasjere yngre generasjonar i arbeidet.</p>

Sund sogelag	Havstrilen 2017	Havstrilen er ei kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden, eit samarbeid mellom dei tre kommunane og Museum Vest. Årboka er basert på dugnad. Utgiftene gjeld tilrettelegging av teksten, formgjeving og prenting, utan godtgjersle til medhjelparane og artikkelforfattarane. Sund sogelag har kvart år ansvar for å skaffa 4-6 artiklar med eldre og nyare stoff frå vårt område. Det er lite som blir prenta av tilsvarande stoff herifrå, så årboka er eit viktig lokalhistorisk tiltak. Det kan vera vanskeleg å få økonomien til å balansera, og difor har Sund sogelag gjeve eit tilskot til årboka dei tre siste åra. Eit tilskot frå fylkeskommunen vil gå til prosjektet Havstrilen 2017.	10000	10000	Omsøkt beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement.
SUNNHORDLAND MUSEUM	Lengten etter far - lengten etter mor. Sunnhordland årbok 2017	Kjernefamilien har alltid vore eit avgjerande arbeidsfellesskap for livet langs kysten. Mor hadde sine ansvarsområde og far sine, likeeins dei eldste i søskenflokk. Alle var avhengige av at dei gjorde si plikt. Difor vart livet straks meir krevjande om far reiste til sjøs, eller mor vart innlagt på sjukehus i lang tid. Enn seie om far kom bort på sjøen, eller mor døydde frå ein stor barneflokk. Korleis endra det livet til enkeltmenneska og til familien som institusjon? Gjennom seks personlege og ærlege intervju med menneske som har opplevd saknet etter ein far eller ei mor, får vi eit unikt tidsbilde av barndom og familieliv i tida 1930 -1980 i Sunnhordland. Boka blir illustrert med deira egne foto. Forfattar er Johanne Ø. Tvedten.	30000	0	Vi vurderer at tiltaket ikkje fell inn under krava til utdeling av midlar i denne tilskotsordninga. Tilskotet er ikkje tiltenkt musea. Søkjar må vere sogelag/lokalhistorisk lag, men gjerne i samarbeid med museet.

Ulvik sogelag	Oppdatering av gards- og ættesoga for Ulvik	Gards- og ættesoga for Ulvik er no 30 år gammal, og treng oppdatering og retting. I første omgang er det snakk om innsamling av data for dette, dvs. skriv til aktuelle familiar med skjema og returporto. Så vi nye opplysningar verta lagde inn på nettverjsonen av bygdeboka, for seinare å vurdera ny utgjeving i bokform.	20000	0	Etter ei samla vurdering av søknadene har vi kome fram til at vi ikkje prioriterar utgifter til div. innkjøp og porto slik det er lagt opp til i dette prosjektet.
Vener av Mjøsvågen	Innsamling og registrering av foto og arkivmateriale om næringsverksemd rundt Mjøsvågen	Vener av Mjøsvågen fekk i 2016 tilskott på kr 10.000 for å få utgitt ei rikt illustrert bok med arbeidstittel «Næringsssoge for Mjøsvågen», i samarbeid med Osterøy sogelag. I utgangspunktet var det tenkt eit enkelt hefte. Me har funne fram til ein heil del eldre og nyare foto. Me er godt i gang med å fotografere gjenstandar, utstyr/maskiner, bygningar mm. Tilfanget av noko å fotografere, er mykje større enn forventa og kva me kan nytte i boka. Frå loftet i ei av kisteverkstadene har me teke fram 7-8 kassar med bilag og dokumentasjon for 5 samarbeidande kisteverkstader frå 1899 og nesten 40 år samanhangande krambu-/butikkdrift. Me ønskjer å arkivere arkivmaterialet og gjere fotomaterialet tilgjengeleg hjå Osterøy museum.	30000	10000	Det er positivt at de legg til rette for eit breitt lokalhistorisk engasjement gjennom samarbeid med lokalt sogelag og museum. Innvilga beløp er for div. dugnadsarbeid i samband med prosjektet.
VOSS SOGELAG	Gamalt frå Voss	For å ta vare på, og formidla historie om Vossabygdene, har "årboka "Gamalt frå Voss" vorte utgjeven, kvart år sidan 1969.	30000	8000	Omsøkt beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement.

Vossestrand Sogelag	Kulturhistorisk biletbok om Vossestrand.	Kulturhistorisk biletbok om gardsbruka på Vossestrand. Der ein knyter gamle foto opp mot dikt eller småsoger om dei enkelte gardar. Boka kan bli på ca 350 sider, mest i s/v. og med enkelte oversiktsbilete i fargar. Sjå vedlagt forslag til mal for side-oppsett. Alt arbeid med manus er på dugnad. Eventuelt økonomisk overskot på prosjektet vert tilført andre oppgåver i sogelaget. Boka bør vera ferdig prenta i oktober 2017.	30000	8000	Omsøkt beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement.
---------------------	--	---	-------	------	---

SUM			435200	113000	
------------	--	--	---------------	---------------	--
